



Vestnes kommune  
Rådhuset Brugata 10  
6390 VESTNES  
Att.Kommunalsjef helse- og omsorg

Saksbehandler, innvalgstelefon

Karin Müller Mikaelson, 71 25 85 92

## Avslutning av tilsyn med helse- og omsorgstenestene ved Helsehuset Stella Maris

Statsforvalteren i Møre og Romsdal gjennomførte hausten 2022 eit tilsyn ved Stella Maris i Vestnes kommune. I tilsynet vart det undersøkt om kommunen sørger for at

- ernæringsstatus vert vurdert, og at nødvendige tiltak sett i verk.
- tilbod om variert og tilpassa aktivitet ut frå egne ønsker og behov.
- individuell vurdering av fallrisiko, og om nødvendig at tiltak vert gjennomført.

Tema for tilsynet var valt på bakgrunn av bekymringsmeldingar frå pasientar og pårørande. Vi hadde informert kommunen året før, i brev datert 15.10.2021, om at vi ville gjennomføre eit ikkje meldt tilsyn ved helsehuset.

Det vart avdekt følgjande lovbrøt:

Vestnes kommune sikra ikkje gjennom styring og kontroll at individuell kartlegging og oppfølging av ernæringsmessig risiko, aktivitet og fallrisiko hos pasientane ved Helsehuset Stella Maris vart følgd opp på ein forsvarleg måte. Manglar i styringa hadde ført til at

- ernæringsmessig risiko ikkje alltid vart kartlagt og følgd opp. Det kunne føre til at pasientane stod i fare for å utvikle underernæring/ernæringssvikt.
- det ikkje alltid vart gjort ei individuell kartlegging og oppfølging av aktivitet. Det kunne føre til at pasienten ikkje fekk dekt sitt behov for aktivitet.
- det ikkje alltid vart gjennomført ei individuell vurdering av fallrisiko. Det kunne føre til at det ikkje vart sett i verk fallførebyggjande tiltak.
- naudsynt og relevant informasjon ikkje alltid vart dokumentert i journalen til pasientane.



Mangelfull journalføring kunne føre til manglende kontinuitet i helsehjelpa, og moglegheit til å kontrollere korleis helsehjelp som er gitt.

Det var brot på Helse- og omsorgstenestelova § 3-1, samanhaldt med § 4-1 bokstav c, forskrift om ledelse og kvalitetforbedring i helse- og omsorgstjenestene og forskrift om pasientjournal.

Kommunen har i etterkant av tilsynet gjennomført eit omfattande kvalitetsforbetningsarbeid. Vi viser til vår oppsummering i brev datert 24.07.2024, samt tidlegare korrespondanse for detaljar. I brevet bad vi om at de stadfesta at forbetringstiltaka de har gjennomført har hatt ønska effekt. Ei slik stadfesting fekk vi i brev frå dykk, datert 13.08.2024. De har i svar til oss også gjort greie for tiltak i forbetningsarbeid for 2024, at kommunen deltek i Tørn- prosjektet, og at brukarutval for institusjon og open omsorg har starta opp.

Statsforvaltaren vurderer at kommunen har gjennomført ei tilstrekkeleg kvalitetsforbetring i ved Stella Maris til å rette dei lovbrota som vart avdekte i tilsynet. På bakgrunn av denne vurderinga **avsluttast tilsynet.**

Vi takkar for samarbeidet om gjennomføring og oppfølging av dette tilsynet.

Med hilsen

Karin Müller Mikaelsen (e.f.)  
fylkeslege/underdirektør

Janne Bjørsnøs  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

STATENS HELSETILSYN

Postboks 231 Skøyen

0213

OSLO